Medaasprisen til Vamp

MEDAASPRISVINNARAR 2017: «Vamp har utvikla eit heilt spesielt uttrykk i møtet mellom musikk og lyrikk som treff den norske folkesjela. Dei er som vêret på Vestlandet. Full av kontrastar, frå det valdsame og dramatiske til det lune og inderlege», heiter det i grunngjevinga til Medaasprisen».

Når Vamp spelar på den Den Nationale Scene til hausten er det for å ta i mot Medaasprisen for 2017.

Av Ketil Tjøre
ketil@strilen.no

– Vamp har på same måte som Ivar Medaas, turt å gå sine eigne vegar. Dei er genuint opptekne av røtene sine, av havet, av kystfolket og har utvikla eit heilt spesielt uttrykk i møtet mellom musikk og lyrikk. Eit uttrykk som verkeleg treff den norske folkesjela. Og så syng dei på morsmålet sitt, på haugesund-dialekten, som er ein viktig signatur for gruppa. Vi er glade for å dela ut Medaasprisen til eit av dei finaste og viktigaste banda vi har i norsk visetradisjon i dag, seier styreleiar i Medaasprisen, Claus Sellevoll, i ei pressemelding.

Ein million plater

Her til lands er det få som har kombinert folkemusikk med viser og rock betre enn Vamp. Sidan debutalbumet «Godmorgen, søster» i 1993 har Vamp vore ein suksesshistorie utan sidestykkje i norsk musikkliv. På denne første plata kom også den store hiten «Tir n'a Noir», diktet av Kolbein Falkeid som blei tonesett av Øyvind Staveland, og som i dag er ein av bandets mest kjente songar.

I dag høyrer folkrockgruppa frå Haugesund til eliten av norsk musikkliv, og har hausta mykje heider for musikken sin. Bandet har gjennom 25 år selt over ein million plater og fått fem Spellemann-prisar, og blei Årets Spellemenn i 2007. Dei har spelt inn 10 studioalbum og gitt ut 14 totalt.

«Vamp er som vêret på Vestlandet. Full av kontrastar, frå det valdsame og dramatiske til det lune og inderlege», heiter det i grunngjevinga til Medaasprisen.

Feirar Vamp på DNS

Vamp vert tildelt Medaasprisen på Den Nationale Scene i Bergen måndag 6. november, og Sellevoll lovar ein festkonsert av dei sjeldne.

Frå Færøyane kjem stjernesolisten Eivør Pálsdóttir, som har vore gjestevokalist for Vamp på fleire plater og konsertar. Saman med Vamp skal ho mellom andre dela scene med Elisabeth Moberg, Sigurd Sele og Stanley Jacobsen. Ein annan folkekjær artist som også vil bidra når Vamp skal feirast, er komikaren Per Inge Torkelsen.

– Per Inge, som den gode vestlending han er, har eit nært forhold til både Vamp og Ivar Medaas. Det er med andre ord duka for ein festkveld med visepop i høgsetet, fortel Sellevoll. Til å leia det heile er som vanleg Dag Lindebjerg på plass som konferansier.

Bronseplakett

Medaasprisen blir årleg tildelt ein utøvande kunstnar, som i Ivar Medaas si ånd tek utgangspunkt i lokale musikalske tradisjonar og som brukar eigen dialekt. Prisen vert delt ut under Medaaspriskonserten på Den Nationale Scene måndag 6. november 2017.

Medaasprisen er ein bronseplakett av Os-kunstnaren Arne Mæland og 20.000 kroner.

I fjor blei Sigrid Moldestad tildelt prisen.

FAKTA

DETTE ER VAMP

- Norsk visepopgruppe frå Haugesund som i 2007-14 var satt saman av Øyvind Staveland (f. 1960), fiolin, bratsj, fløyte og trekkspel og song, Torbjørn Økland (f. 1964), gitar og mandolin, Carl Øyvind «Calle» Apeland (f. 1964), bass, gitar og keyboards, Paul Hansen (f. 1980), song og gitar, Odin Staveland (f. 1985), keyboards, perkusjon og sang. Dei har hausta mykje ros for sin delvis irsk-inspirerte musikk, og er blitt tildelt fleire Spellemann-priser og andre utmerkingar. Lyrikaren Kolbein Falkeid har skrive mange av tekstene til gruppa. Vamp blei starta i 1991 og har hatt tre faste vokalistar: Jan Ingvar Toft (1991-99), Vidar Johnsen (1999-2007) og Paul Hansen (2007-). Rita Eriksen er gjestevokalist på deira mest kjente song, Tir n'a Noir, som første gong blei utgitt i 1993. Ein liveversjon som nådde 3. plass, låg 42 veker på VG-lista i 2006-07. Andre Vamp hits er Månemannen (17. plass i 2006), På bredden (6. plass i 2008) og Liten fuggel (6. plass i 2012). Dei toppa Norsktoppen i 1998 med Sirkus av lys, i 2002 med Månemannen og Fuglane vett, i 2005 med Siste stikk, i 2006 med Kim du nå va og Tir n'a Noir, samt i 2008 med Velkommen inn. Alle Vamps album har nådd Topp 20, de fleste Topp 10: Godmorgen, søster (1993), Horisonter (1994), 13 humler (1996), Folken (1996; live), Flua på veggen (1998), Ei med alt (1999; samleplate), En annen sol (2000), Månemannen (2002), Siste stikk (2005), I full symfoni (2006; live med Kringkastingsorkestret), St. Mandag (2008), I full symfoni II (2010), Liten fuggel (2012) og To med alt (2013; samleplate). I juni 2014 trakk Apeland, Økland og Hansen seg frå Vamp og danna trioen Blest. Dei blei erstatta av Bjørn Berge (gitar, banjo) og Kjetil Dalland (bass). Toft forsette som vokalist saman med Odin Staveland, som er son av Øyvind Staveland. Hausten 2015 kom det listetoppande albumet Populas. No var Lars Erik Støle (orgel, trekkspel) blitt fast medlem.

Kjelder: Store norske leksikon og vamp.no

FAKTA

TIDLEGARE MEDAASPRISVINNARAR:

- Sigrid Moldestad (2016)
- Jon Eikemo og Herborg Kråkevik (2015)
- Salhusvinskvetten (2014)
- Claus Sellevoll (2013)
- Jan Eggum (2012)
- Fargespill (2011)
- Helge Jordal (2010)
- Øystein Sunde (2009)
- Olav Stedje (2008)
- Jan Arvid Johansen (2007)
- Arne Bøe (og Heimalanné) (2006)
- Odd Nordstoga (2005)
- Unni Løvlid (2003)
- Sturla Eide Sundli (2002)
- Linda Røyseth (2001)
- Linda Fosse Hagen (2000)

Kjelde: medaasprisen.no